



Bjørn Ulvang
Bønesheien 156
5154 BØNES

Referansar:
Dykkar:
Vår: 21/381 - 21/34424

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
21.05.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 338/40 Refskår

Tiltak: Tveiten øvre
Byggjestad: Gbnr: 338/40
Tiltakshavar: Kristin Ulvang
Ansvarleg søkjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 22.02.2021.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Vi viser til avvisningsvedtak av 24.01.21 og kan ikkje sjå at det kom inn dispensasjonssøknad om fritak frå plankrav, som vart etterspurt, jf. kommunedelplanen sine pkt.1.2.1 og 2.2.1. Dispensasjon skal nabovarlast. Du viser i e-posten av 5.04.21 til innspel til kommunedelplan, men det skal søkjast om dispensasjon her.
2. Det ligg ikkje føre kvittering for nabovarsel, kor man ser kven fekk varselet.
3. Det er ikkje innhenta førehandsuttale frå Bergen hamn for tiltaket i sjøen. Tiltaket kan ikkje handsamast utan at det ligg uttale frå mynde. Etter dispensasjon frå plankravet er innvilga må det sendast kopi av vedtak frå Bergen hamn. Kommune kan ikkje gi løyve til igangsetting før Bergen hamn godkjenner tiltaket, vi kan handsama dispensasjon og evt. gi rammeløyve om det ligg førehandsuttale frå Bergen hamn.
4. Flytebrygga skal plasserast ute i sjø framfor gbnr 338/40 og 338/3. Det kjem ikkje fram av søknaden om dykk som heimelshavar har dei naudsynte rettigheitar til plasseringa.

Kommunen ber om at tilleggsmeningar vert sendt inn samla innan 22.06.21. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før

innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kristin Ulvang

Bønesheien 156

5154

BØNES

Mottakarar:

Bjørn Ulvang

Bønesheien 156

5154

BØNES